

MYRFORSØK PÅ VIDMYR I BYKLE, SETESDAL

Av forsøksleidar Hans Hagerup.

I øvre Bykle, Setesdal, på begge sidor av elva Otra, millom Hovden og Bjåen, ligg Vidmyr. I 1920 foretok dåverande myrkonsulent Lende-Njåa ei overfaring av desse myrstrekningane, og han reknar med at Vidmyr har eit areal på ca. 8000 dekar, og Lundane, som ligg overfor Vidmyr, ca. 10,000 dekar.*) Av dyrkande areal reknar han med opptil 15,000 dekar; det går frå for opstikkande fjell og steinutte morenebakker. Desse myrstrekningar ligg 730 til 800 m. o. h. Om vegetasjonen på Vidmyr segjer han at det er mest starr, blåtopp (*Molinia coerulea*) og bjønnskjegg (*Scirpus caespitosus*), meir spreidd finnst dvergbjørk og vidje. På Lundane er vegetasjonen den same, men meir av bjønnskjegg, og er heller litt simplare enn Vidmyr. Skolestyrar T. Kummen segjer om Vidmyr («Jordi i Bykle og Valle», s. 14 o. flg.): «Myri ligg på båe sidor av elvi Otra og hallar alle stader so passeleg mot dalbotnen. Dei nedste 2—300 m. på elvesidorne er slåttemyr. So svært gras som her er det sjeldan å sjå på vill mark. Lenger oppetter dalsidorne er noko vier og fjellbjørk og myri vert grundare.»

Djupna på myrane svingar mykje, på store parti er myrdjupet ikkje større enn ploegen vil nå undergrunnen, men og store deler er myrdjupet over 1 m. Med det gode hall som myrane har, vil grøftinga vera lett.

Det hadde sin store interesse å få prøvd kva desse myrane kunde gi av høyr ved dyrking, og i 1923 fekk Det norske myrselskaps forsøksstasjon lagt eit par forsøksfelt på Vidmyr. Det var då ikkje skikkeleg veg fram til myra. Frå Ose til Berdal bru var bilveg, men dei siste 4 mil var ikkje bra veg. Og frå Berdal bru til Hovden var 2 mil, og her var berre ein smal veg, nærmast rideveg. No er det bilveg fram til Hovden høgfallshotel, som ligg omlag ved sudenden av Vidmyr.

Landbruksskulestyrar T. Kummen og landbrukslærer O. P. Rønning har vore til hjelp ved anlegg av feltet. Agr. A. D. Byklum har vore feltstyrar, og Knut O. Flåten vert for forsøka.

På myra vart anlagt eit gjødslings- og eit engfrøfelt. Fyrst skal eg omtala

Gjødslingsforsøket.

Myra vart grøfta og pløgd somaren 1922. Grøfteavstanden er 15 m. Det er ikkje kalka og ikkje påført mineraljord. Frøblandinga var: 2 kg. timotei (frå Mæresmyra) + 1 kg. engsvingel + 0,6 kg. kløver (raud- og alsikekløver), tils. 3,6 kg. pr. dekar. Som dekkсед er nytta grønfôr, 1,6 kg. havre + 8 kg. gråerter, tils. 24 kg. pr. dekar. I tabell 1 er opført dei ulike gjødslingar og der er og avlingsresultatet framstilt.

* Desse oppgåvor er venteleg noko store, dr. Løddesøl reknar soleis arealet av Vidmyr og Lundane til ca. 12,000 dekar.

Tabell 1. Gjødslingsforsøk på Vidmyr i Bykle 1923—26.

År	Gjødsling pr. dekar i kg							
	0	I	II	III	IV	V	VI	VII
	Utan gjød- sel	20 s. *) 20 k. 20N.s.	Utan kvæve 20 s. 20 k.	Utan kali 20 s. 20N.s.	Utan fosfat 20 k 20 Ns	30 s. 20 k. 20N.s.	20 s. 10 k. 20N.s.	20 s. 20 k. 10N.s.
		Kg. høy og grønfôr pr. dekar						
1923 (grønfôr) . . .	0	152	61	41	0	190	160	99
1924 (1 års eng) . .	0	515	238	102	0	(461)	415	271
1925 (2 " ") . . .	0	596	242	174	0	(354)	443	360
1926 (3 " ") . . .	0	275	93	95	0	(234)	271	169
Medeltal for høy . .	0	462	191	124	0	(350)	376	267

* s = superfosfat. k = 40 % kalisalt. N.s. = Norgesalpeter.

I anleggsåret er bruka sterkare gjødsling med fosfat og kali enn i engåra. Det er gitt 50 kg. superfosfat + 40 kg. kalisalt (40 %) pr. dekar. I engåra er gjødsla utsådd fyrst i juni og haustinga er gjort fyrste halvpart av september månad.

Grønføravlinga i anleggsåret har vore lita sjølv der det er fullstendig gjødsla. Grunnen til dette er vel den at somaren var uvanleg kald og rå. Det vart seint sådd, den 28. juni, men endå låg det snøklattar hist og her utover feltet. Horvinga var og noko mangelfull, og ikkje vart det rulla. Haustinga vart gjort 17. september. Det vart soleis stutt veksttid for grønføret. Høyavlinga på det fullgjødsla rutorne må segjast å vera bra, i fyrste og andre engåret 500 og 600 kg høy pr. dekar. I tredje engåret er nedgangen stor, timoteien har tunnast ut, lemen og markmus hadde skadd grasrota mykje. Den fullgjødsla ruta V, med større fosfatmengd, har stått tilbake for gjødsling I (mindre fosfat), men dette har sin grunn i at ei rute på gjødsling V har stått sterkt tilbake i avling, og resultatet er her difor mindre påliteleg. Med omsyn til utslaga elles, so viser dei same bilete som liknande gjødslingsforsøk på myr.

Det vert liten eller ingen avling der gjødsl vantar, og likeeins der fosforsyra vantar (0 og IV). Fosfatgjødsla saman med kali og kvæve har gitt 462 kg. høy pr. dekar i medel for dei tri engåra.

Utslaget for kvævegjødslinga stiller seg slik:

Utan kvæve	191 kg. høy pr. dek.	—	—	—	—
10 kg. Norgesalpeter	267 »	—»—			+ 76 kg.
20 »	—»—	462 »	—»—		+ 271 »

For største kvævemengda er auken 13,5 kg. høy pr. kg. salpeter.

Kaligjødslinga viser slikt utslag:

Utan kali	124 kg. høy pr. dekar.	—	Avlingsauk med kali:
10 kg. kalisalt . . .	376 »	—»—	+ 252 kg.
20 » kalisalt . . .	462 »	—»—	+ 338 »

For minste kalimengd utgjær auken 25 kg. høy pr. kg. kalisalt og for største mengda 19 kg. høy.

Som tidlegare nemnt er feltet korkje kalka eller jordkjørt. Det er høgst sannsynleg at myra vil vera takksam for kalking og vil gi godt utslag for denne, den naturlege vegetasjon tyder på det. Men skal kalk fraktast ditop, vil det falla dyrt. Sandkjøring vilde ganske visst ogso auke avlingen, serleg på visse strok av myra, dei simplaste parti, og denne vil i nokon mun erstatte kalkinga.

Med omsyn til plantesetnaden i enga, so har timoteien vore den herskande, kløver har ikkje gjort noko av seg, og heller ikkje eng-svingel noko vidare. Engkvein har etterkvart kome inn. Best har timoteien halde seg på dei fullgjødsla rutor.

Engfrøfeltet.

Dette vart som gjødslingsfeltet lagt med grønfôr som dekkasæd i 1923. Fyrste års gjødsling var: 50 kg. superfosfat + 40 kg. kalisalt + 20 kg. Norgesalpeter. Gjødsling i engåra: 20 kg. superfosfat + 20 kg. kalisalt + 20 kg. Norgesalpeter.

Frøslag og blandingar går fram av tabell 2, der avlingane er framstilt.

Tabell 2. Engfrøforsøk på Vidmyr i Bykle 1924—27.

År	Engfrøslag og blandingar. Kg. pr. dekar						
	I Timotei 3 kg.	II Timotei 2,5 Raudkl. 0,4 Alsikekl. 0,4 3,3	III Timotei 1,5 Raudkl. 0,4 Alsikekl. 0,4 Engsv. 0,75 Hundgr. 0,75 3,80	IV Eng- svingel 4,0	V Hund- gras 4,0	VI Eng- rapp 3,5	VII Eng- reve- hale 3,5
1924 (1 års eng) . . .	441	400	302	253	87	93	246
1925 (2 " ") . . .	605	493	565	350	319	437	448
1926 (3 " ") . . .	436	329	406	208	142	189	290
1927 (4 " ") . . .	504	398	283	136	189	153	321
Medeltal	497	405	389	237	184	218	326
Relativtal	100	82	78	48	37	44	66

Ved å døma om desse resultat må ein og ta omsyn til den mangelfulle arbeidinga i anleggsåret; det er heller ikkje rulla etter sånaden. Likevel må ein kunna segja at avlingane, serleg timotei og der timotei har gått inn i blandinga, har vore bra. Best står timotei i reinsådd. Frøet var avla på Mæresmyra. Medel-

avlinga for dei fire år er ca. 500 kg. høy pr. dekar. Der raudkløver, alsikekløver, hundgras og engsvingel går inn i blandinga, har avlinga vorte mindre, og mindre di mindre timoteien har utgjort av frøblandinga. Forsøksstyraren segjer om avlinga fyrste året: «Timoteien i engfrøfeltet stod sers fint med yver meterhøgt gras, men den er enno noko tunn i botnen. Kløveren er praktisk tala heilt burte, det er sovidt ein kann finna ein og annan plante.»

Nestetter timotei kjem revehale, men berre med 66 % i medel i høve til timotei. Denne er hausta på same tid som dei andre grasslag, og det har vore for seint, og serleg seint var det i andre engåret, det var då moge frø av denne ved slåtten. Den gjekk ogso i legde på feltet

Fjerde engåret var feltet mykje skadd av markmus og lemen og noko av «isbrand» (svalldauen), men timotei og revehale hadde greidd seg best.

Dei andre grasslag har gitt lita avling, under det halve av timoteien. Frøet av desse grasslag har vore av utanlandsk (mest dansk) avl og dette har sikkert havt ein del å segja for resultatet, dei har høvd dårleg under desse klimatiske tilhøve. Forsøksstyraren segjer etter fyrste år: «Engsvingel låg over heile ruta, men vart likevel noko lett i vekti. Hundgras var dårleg, kunde ikkje finna strå som hadde blømt. Likeeins var engrapp svært stutt, men var tett i roti og vert truleg betre neste år.» Siste engåret var rutorne av desse grasslag mykje skadd.

Desse resultat viser at myra kann bera ganske gode avlingar av høy. Med betre arbeiding og stell vilde avlingane sikkert kunna aukast. Det er sannsynleg at grøftinga er sterk nok, 15 m. millom grøftene. Ved Bjåne ligg ein nedburdsmålestasjon, og medelnedburden der er 768 m/m for heile året, og mai/sept. 313 m/m. I veksttida fordeler nedburden seg slik: Mai 39 m/m, juni 39 m/m, juli 68 m/m, august 99 m/m, september 68 m/m, tils. 313 m/m. Medelnedburden i veksttida ligg litt høgare enn på Mæresmyra, men skilnaden er berre 15 m/m. Grøftestyrken skulde vera omlag høveleg, men ein må vera merksam på at myra ligg høgt og veksttida er stutt, og då må grøftinga gjerne vera noko sterkare enn under liknande tilhøve der veksttida er lenger. I samband hermed må ein og vera merksam på at ein på desse myrar kann få godt fall på grøftene so vatnet raskt kann førast burt.

Ein ting er at myra kann bera tilfredssillande avling ved fornuftig stell, ein annan ting er om dei driftsøkonomiske tilhøve gir grunnlag for dyrking. Det er etter måten store areal det her dreier seg om langt oppe i ein fjelldal, ca. 15,000 mål i ei flate, og elles finnst myrareal innover heiane som er nytta som slåtteland av gardane.

Etter jordbruksteljinga i 1929 var det i Bykle:

1520	dekar	dyrka	jord.
660	»	naturleg	eng.
5920	»	utslåttar.	

(Teljinga av 1907 fører op 11,000 dekar fjellslått.)

Av husdyr var det:

53	hestar	(store og små)
452	storfe	(—»—)
1406	sauer	(—»—)
474	geiter	(—»—)
18	griser	(—»—)

Omrekna til kyr vert dette med eit rundt tal 600 stk., og dette vert burtimot 4 kyr pr. dekar innmark (rundt rekna). I flatbygder der utslåttar ingen ting har å segja, har dei 1 ku pr. 6 à 7 dekar innmark. Ein vil av dette forstå at myr- og heideslåttar har vore og er av vital verd for denne fjellbygda. Men dette høyet vert ikkje billeg. Skulestyrar T. K u m m e n segjer («Jordi i Bykle») at dette høy kjem på 6 à 7 øre pr. kg. (1916) og innhaustinga vanskeleg og uviss. «I stølsdalane og på heidane er etter måten meire myr enn nede i hovuddalføret. Det meste av heidehøyet sitt fær folk frå desse myrane. Ein skynar det er ikkje små vidder her kvart år vert fare over med ljå, når ein veit at kvart bruk hev 30—70 lass heidehøy og at kvart lass svarar til ei slåttevidd på 4—5 mål. Heideslåttane plar dei berre slå annakvart og tridjekvart år, so dei lyt tviauka og triauka slåtteviddi for eit år for å få den heile slåtteviddi. Slåttemyrane ligg ofte oppetter dalsidorne, altså med godt fall. Av alle dei starr og sivslag her veks, er bjørneboke (bjønnskjegg) den mest vanlege. Dessutan finnst jamt sprettestorr (blåtopp) og salgras (bukkeblad), rome o. fl.» Ein forstå av dette at høyet vert ikkje av beste slaget, serleg dersom det vert seint slege. Han segjer same stad, at det meste av høyet fekk dei på heidane. «Deruppe hadde eit par karar og ei kvinne slåttonn i 5—6 vikor og på sume gardar lenger tid. Um vinteren bruka dei lauv, tollbar og skav attåt foringi til kyr og småfe. På den måten fekk dei fôr nok til krøteri og gjødsel til heimejordi.» Ved dyrking av myrane og gjødsling og stell av dei, vil ein kunna få 2 à 3 lass pr. dekar, mot ved heide- og myrslåttar 1 lass på 4 à 6 dekar, og endå få slå 2. eller 3djekvart år på same plassen, og attåt vart foret so mykje betre, og betre berging.

Det er difor eit svært viktugt spursmål å kunna ta desse vidder under rasjonell dyrking, og her vert det då spursmål å kunne ta i bruk dei kulturmidlar som trengs. Grøfting må til, og det skulde vera ganske liketil: Bruken av dei driftsmidlar som trengs skulde i hovudsaka verta eit fraktspursmål. Det er lange avstandar her, og den vanlege sambandsvegen er sudover. Frå Kristiansand til Bygland er 78 km. jarnveg, frå Bygland til Hovden (sud for myrane)

148 km. bilveg, tilsaman 226 km. Ein del stuttare er det til Odda i Hardanger . For omlag 15 år sidan vart betalt i bilfrakt 18 øre pr. kg. frå Ose ved Byglandsfjorden til Berald bru, som var endepunktet for vegen . Det er sannsynlegvis rimelegare no, men likevel vil kunstgjødsla verta for dyr til at det kann ventast at denne kjem noko i bruk utan det vert gjeve stort frakttilskot. Med frakttilskot slik at gjødsla vil falla so billeg at folk ser seg råd til å nytta denne, vil dyrking av desse myrvidder verta av stort verd for denne fjellbygda.

Jordødeleggelsen ved torvtaking i kystbygdene.

Som tidligere meddelt her i tidsskriftet opnevnte Landbruksdepartementet sommeren 1936 en fåtallig komite med oppdrag å utarbeide og fremlegge planer og forslag for å få stanset eller begrenset jordødeleggelsen ved torvtaking i våre kystbygder. Komiteen hvis offisielle navn er «Komiteen for myr- og jordvern i kystbygdene», har hittil avgitt følgende 3 innstillinger:

1. Innstilling om utvidet skogplanting i kystbygdene i Hordaland fylke.
2. Utredning om jordødeleggelse og brenselsforbruk m. v. i Hordaland fylkes kystbygder og herunder elektrisitetens bidrag til løsning av brenselsspørsmålet.
3. Innstilling om ordningen av brenntorvdriften i Finnmark fylke.

Arbeidet fortsetter nu vesentlig i Sør-Trøndelag og Nordland fylker, hvor det bl. a. må foretas omfattende undersøkelser i marken før endelige innstillinger kan avgis.

Det norske myrselskaps årsmøte 1938.

Myrselskapets årsmøte vil i år bli holdt tirsdag den 1. mars i Sangerhallen, Oslo Håndverks- og Industriforening, Oslo. Samme dag holdes også møte i selskapets representantskap.

Programmet for møtene blir:

Kl. 16 (4). Representantmøte (særmøte).

Kl. 16^{1/2} (4^{1/2}). Årsmøte med foredrag av:

Godseier Carl Løvenskiold: Myrselskapets virksomhet i 1937.

Forsøksleder O. Glærum: Dyrkingsforsøk i Vang almenning i 550—600 m. h. o. h.

Efter foredraget lysbilleder og eventuelt diskusjon. Til foredragsmøtet er adgang for alle interesserte.